



Årsmelding Ålvik kyrkjelyd 2018.

I 2018 hadde Ålvik Sokneråd 8 møter. Medlemmane er Ida Lindøe, Borghild Sofie Lygre, Eva Margrethe Oppen, Merete Salvesen Wallevik, Jannike Dahle Augestad, Lillian Aga, Øyvind Larsen, Kjell Ove Kvåle, Ester Aalvik Hauger og sokneprest Lars Arne Vik. Vara er Rune Hjøllo, Ann-Karin Aarvik Nilsen og Guro Rosseland.

Leiar er Ester Aalvik Hauger

Skrivar er Jannike Dahle Augestad

Kasserar er Lillian Aga

Gudstenester

I 2018 vart det halde 19 gudstenester, frammøtte 975 personar. 1 av gudstjenestene har vore særleg tilrettelagt for borna og 2 av dei særleg tilrettelagt for ungdommen. Ei av dei har vore tilrettelagt for skuleelevane. Det har vore 6 gudstenester med nattverd. 5 born er døypte. Det var 8 konfirmantar, 1 vigsel og 12 gravferder.

Andaktar

Det har vore 12 andaktar på Ålvik Pensjonistheim ved sokneprest Lars Arne Vik. Soknerådet takkar han for innsatsen.

Kyrkjetreff

Det har vore 6 ettermiddagstreff med talar/foredrag, med musikk og matøkt. Også i år er det Liv Hildegunn Lygre som legg til rette for desse gode ettermiddagstreffa. Om lag 20 personar deltek kvar gong. Organiseringa av ettermiddagstreffa står sokneprest Lars Arne Vik for. Ein stor takk for innsatsen til begge!

Kyrkjeleg fellestråd

Ålvik Sokneråd sine representantar i Kvam kyrkjelege fellestråd er Ida Lindø og Eva M. Oppen. Rådet har halde 6 møter. Sjå elles eige årsmelding for fellestrådet.

Kyrkjebladet

Kyrkjebladet for Kvam og Jondal har representantar frå dei ulike sokneråda i redaksjonen. Ålvik sokneråd sin representant er Øyvind Larsen.

Konfirmantarbeid

Fasteaksjon 2018 var i april. Soknerådet organiserte innsamlinga og konfirmantar med nokre foreldre samt 2 representantar frå soknerådet var bøsseberarar og hjalp til med køyring.

Samtalegudstenesta vart halde i april og soknerådet laga til konfirmantfest på Ålvik Pensjonistheim i etterkant av gudstenesta. Her vart det servert varm mat, kaffimat og program. Soknepresten leia samlinga.

Det var Nils Gunnar Oma, Daniel Gammelsæter og sokneprest Lars Arne Vik som hadde ansvaret for konfirmantundervisninga i Ålvik.

Trusopplæringstiltak

Det har vore utdeling av 4-årsbok og 6-årsbok (inkludert førsamlingar)

Me har hatt lys vaken for 5. -7. klasse i november. Der fekk borna ei overnatting i kyrkja og opplæring av kyrkjerommets si oppbygging og oppleving av å vere der.

Konfirmant: omtalt tidligare i årsmeldinga. Ålvik sokneråd gav Konfirmantane Bibel og Steinkors i gåve.

I Ålvik barnekor var det på det meste 10 born. Barnekoret har diverre måtta ta ein pause dette året då det var så få med.

Kyrkjetjenar

Liv Hildegunn Lygra hadde sin siste arbeidsdag i Ålvik kyrkje på julafta i år. Soknerådet vil gje ein stor takk for flott innsats i kyrkjelyden. Eva M Oppen tek over arbeidet.

Klokkar

Ingvild Lilletveit Kvåle er klokkar i Ålvik kyrkje. Ein stor takk til Ingvild for godt arbeid.

Sluttkommentar

Ålvik Sokneråd vil satse på å få auka deltaking i dei vanlege søndags gudstjenestene. Det er til dels svært få deltakande pdd. Me ynskjer å lage til meir song og musikk og arrangere fleire felles gudstjenester for heile kommunen saman. Fortsette å invitere 50 års jubilarane for konfirmasjon til ei fast gudstjeneste i året og auke antall gonger kyrkjekaffi. Dette for å prøve å auke deltakinga på gudstjenester. Soknerådet ferdigstilte sin del av diakoniplanen i løpet av vinteren 2018 og den vart ferdig for heile kommunen i 2018. Ved dei ordinære gudstjenestene stiller soknerådet også med kyrkjeskys.

Nytt av året er at me vinteren 2019 vil starte opp med strikketreff i kyrkja som ein del av å auke bruken av huset og arrangement der. Dette er ein del av vår aktivitet i den lokale diakoniplanen. Her vil me at alle aldrar kan møtast i kyrkja for prat og sosialt treff.

På vegne av soknerådet, 20.03.2019

Ester Aalvik Hauger, soknerådsleiar

Ester Aalvik Hauger,
Eva Oppen